

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested:	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Regionstyret	Brennabu, Panoramavegen 2960 RØN	27.06.2019

Sak nr :

RS 40-/-19

Vedtekter for VNK 2020 - 2024

Bakgrunn

I sak 59-/-17, den [7. juni 2017](#) vart langtidsprogrammet sak 59-/-17, den [7. juni 2017](#) og gjeldande vedtekter [2017-2019](#) endeleg vedtekne. Langtidprogrammet skal ikkje reviderast no, men vedtektene. Det er Regionstyrets ansvar å foreslå rullering og eventuelle endringar i styringsdokumenta tol Valdres Natur- og Kulturpark(VNK) og å legge frå forslag til eventuelle endringar overfor dei deltakande kommunane, jf. §4.

I [RS 29-/-19](#) «Rullering av vedtektene i VNK «vart Regionstyrets forslag til vedtekter for 2020-2024 sendt kommunane for vedtak. Regionstyrets forslag overfor kommunane:

«Vedtekter/samarbeidsavtale mellom Valdreskommunene om Valdres Natur- og Kulturpark (VNK) og regionstyre blir vedtekter for selskapet åra 2020-2024, med følgjande endringar:

1. §8 2. avsnitt endras slik: Kommunenes tilskudd til denne virksomheten fastsettes gjennom kommunestyrenes årlige budsjettbehandlinger, men kommunenes intensjon ved inngåelsen av disse vedtekter er at kommunenes samlede årlige tilskudd til VNK i samarbeidsavtaleperioden 2020-2024 fastsettes til 4,5 mill. kr. årlig. Tilskuddet tilpasses det enkelte år innenfor denne rammen ut fra handlingsprogrammets innretning inn mot VNKs hovedstrategi. Beløpet fordeles mellom kommunene i henhold til folketallet pr. 01.01.i budsjettåret, og overføres med en halvpart den 15.03. og restbeløpet den 15.09. hvert år. Ved utvidet ansvarsområde for VNK tilføres nødvendig økonomi og mandat for å løse oppgaven /oppgavene som tillegges VNK.
2. Ny § 11: Innan fristen for endring av selskap organisert etter gamal kommunelovs §27 gjer Regionstyret ei vurdering og tilrår kommunane ny tilknytning for selskapet til den nye kommunelova.
3. Årstala i vedtektene endrast i tråd med dette vedtaket»

Handsaming

I dei kommunale vedtaka er det innstilt på eit tillegg i vedtaka :

«Kommunestyret ber rådmannen initiere en prosess som sikrer at framtidig organisering av VNK og regionstyret er i tråd med ny kommunelov»

Alle vedtaka er ikkje sendt VNK enno, men dei vil ligge føre i møte den 27, juni.

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested:	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Regionstyret	Brennabu, Panoramavegen 2960 RØN	27.06.2019

Eit tillegg frå Vang kommune: Kommunestyret vil oppfordre dei andre kommunane til å gjere ei vurdering av ramma på 4,5 mill. til VNK knytt til budsjett for 2020.

Vurdering:

Kommunane sluttar seg til endringane i dagens vedtekter jf. forslaget pkt. 1 og 2, nye vedtekter fremmast i dagens sak for underskrift i tråd med vedtaka.

Prosess for endring av kommunelovas tilknytning. Regionstyret må tilrå overfor kommunestyret korleis dei ynskjer tilknytninga til den nye kommunelova, jf. pkt. 2 i vedtaket. Dagleg leiar ser det som ei styrke at dette skjer i ein prosess der rådmenn er med å legg føringar. VNK er eit sjølvstendig rettssubjekt og er medlem av KS bedrift, KS bedrift er naturleg rådgjevar i saka. Det er fleire regionråd også i Innlandet og i landet som har same utfordringane som Valdres, og det er naturleg å hauste erfaringar frå det andre gjer. Det er fleire regionråd som arbeider på tilnærma same måten som VNK, sjølv om dei ikkje er natur- og kulturpark.

Tillegget frå Vang kommune er grunngjeve i uendra ramme sidan 2007, dette er sjølv sagt gode signal sett frå dagleg leiar, men let punktet stå opent for Regionstyret til å vurdere

Forslag til vedtak:

1. Regionstyret vedtek nye vedtekter for tidsrommet 2020-2024.
2. Endringar frå vedtektene 2017-2019 er slik:
 - a) §8 2. avsnitt endras slik: Kommunenes tilskudd til denne virksomheten fastsettes gjennom kommunestyrenes årlige budsjettbehandlinger, men kommunenes intensjon ved inngåelsen av disse vedtekter er at kommunenes samlede årlige tilskudd til VNK i samarbeidsavtaleperioden 2020-2024 fastsettes til 4,5 mill. kr. årlig. Tilskuddet tilpasses det enkelte år innenfor denne rammen ut fra handlingsprogrammets innretning inn mot VNKs hovedstrategi. Beløpet fordeles mellom kommunene i henhold til folketallet pr. 01.01. i budsjettåret, og overføres med en halvpart den 15.03. og restbeløpet den 15.09. hvert år. Ved utvidet ansvarsområde for VNK tilføres nødvendig økonomi og mandat for å løse oppgaven /oppgavene som tillegges VNK.
 - b) Ny § 11: Innan fristen for endring av selskap organisert etter gammel kommunelovs §27 gjer Regionstyret ei vurdering og tilrår kommunane ny tilknytning for selskapet til den nye kommunelova.
 - c) Årstala i vedtektene endrast i tråd med dette vedtaket.
3. Nye signerte vedtekter sendast kommunestyra i Vang, Vestre-Slidre, Øystre-Slidre, Etnedalen, Nord-Aurdal, Sør- Aurdal og Oppland fylkeskommune
4. Rådmenn i samråd med dagleg leiar i VNK legg fram for Regionstyret eit framlegg til prosess sikrar at framtidig organisering av VNK og regionstyret er i tråd med ny kommunelov.

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested:	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Regionstyret	Brennabu, Panoramavegen 2960 RØN	27.06.2019

Vedtak:**Vedlegg:**

1. Forslag til vedtekter 2020-2024
2. sak 59-/-17, den [7. juni 2017](#) vedtekter 2017-2019 og langtidsprogram /charter 2017 -2027
3. [RS 29-/-19](#)
4. høyring vedtektsrullering
5. [Kommunal handsaming](#)

sign.

Utskrift sendt til